

Halve bygda på beina første del av Dagen

17.05.2011



Barnetoget kjem att over bruia

Vergudane heldt seg i skinnet fyrste del av Dagen og det er grunn til å tru at halve bygda var på beina under feiringa.
I alle fall var barnetoget rundt rekna 200 meter langt og det er lengre enn på lenge.

Dette året gjekk det frå bautaen over til Feet og attende
- diverre utan korps i spissen, Men det vart ein slags erstatning
ettersom musikklaget held fram med å spela ved grana etter
kransenedleggjoinga - medan barnetoget gjekk,



Musikklaget imponerte ved grana

Dei 13 som ved dette høvet utgjorde korpset imponerte stort
og det kan ikkje herska tvil om at dei har vind i segla
medan skulemusikken dverre slit tungt.



Røysterett for alle song i kyrkja som dei plar gjera

Men programmet for dagen starta som tradisjonen krev med salutt
klokka 7 og også i år var det Sigmund Myklebust som hadde ansvaret for
den. Han utløyste 3 dynemittladningar av veksande styrke i Pålavegen.
Dverre bar ikkje lyden så godt fram til dei sentrale delar av bygda og Sigmund
kan med fordel lada noko friskare neste år!



Eggelp er framleis ein slagar. Her er Karoline Myklebust i farta assistert av mor.

Dei vel 100 som møtte fram til gudstenesta i kyrkja høyrde sokneprest Kristian Due preike og Røysterett for alle syngje. Minikonserten var noko av det beste dei har prestert på lenge og ein fin start på ein travel dag for koret.



Grautgramsar i arbeid: Bjarte Døssland og Ragnvald Myklebust

Ved bautaen var det som vanleg femteklassingane som las diktet til Olaf Agnar Gausvik før musikklaget spela.

Barnetogets mål var Aktivitetshuset og skuleplassen, der det var servering og leikar. 35 liter graut som vart tilberedt på staden gjekk raskt unna og ungane hadde 10 disipliner å velgja i på grusbana - frå eggeløp til pilkast. Dei gamle leikane fengjer også den nye generasjon.

Alt var organisert med tradisjonell presisjon og lova det beste for resten av dagen

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen